



Miljøet og tilbudet rundt Bøkkerverkstaden på Rød vert stadig meir komplett. Det siste som er skjedd er at det er snikra skjørt rundt den fine bryggja og det var ferdig og i bruk på laurdagskvelden. Skjørtet har ein spesiell bakgrunn, ettersom det er snikra av 2 flinke ungdommar frå Slovakia - Benedikt og Martin - som berre er 18-20 år gamle..Dei kjem altså frå eit land utan samband med noko hav... Skjørtet er konstruert slik at det duvar opp og ned med bylgjane.

På biletet over, som er teke då Bøkkervelden opna, skimtar ein skjørtet på venstre sida av bryggja, som no er fullført.

I enden av den ligg to staselege båtar denne kvelden, motorskøyta Forthuna til Møller og Myklebust som var ein hovudattraksjon i programmet og Storm til Rød som han har jobba med i meir enn 20 år.

Men det kunne gjerne ha vore fleire som hadde vald sjøvegen denne store kvelden. Det var plass til fleire farkostar ved bryggja!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Kjell Taranger